



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Vibeke Herskedal, 5557 2244

Vår dato  
12.08.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/9898  
Dykkar referanse

Radøy kommune v/rådmannen  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Varsel om tilsyn - Radøy kommune - handsaming av søknad om økonomisk stønad**

Fylkesmannen i Hordaland varslar med dette tilsyn med Radøy kommune si tenesteyting etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga kap. 4. Heimel for tilsynet er § 9 i same lov.

Tema for tilsynet vil vere handsaming av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytaransvar. Vi vil undersøke om kommunen sikrar at søknader om økonomisk stønad blir handsama i samsvar med krav i lov og forskrift, med særleg vekt på krava til kartlegging og individuell vurdering.

Tilsynet vert utført som systemrevisjon. Dette inneber innhenting og gjennomgang av skriftleg informasjon, samt intervju med leiarar og andre tilsette i tenestene for å undersøke korleis kommunen sikrar lovoppfylling på desse områda. I opningsmøte vil det bli gitt ei nærmare orientering om tilsynet. I sluttmøtet vert det lagt fram og drøfta funn basert på innsende og framlagde dokument, intervju og verifikasjonar. Konklusjonane frå tilsynet vil bli gjort kjend i eigen rapport. Rapporten er offentleg.

Planen for tilsynet er:

Onsdag 29.10.2014: Opningsmøte, dokumentgjennomgang og intervju  
Torsdag 30.10.2014: Intervju og sluttmøte

Kommunen vil få tilsendt detaljert program i uke 43. Der vil det gå fram tidspunkt for opnings- og sluttmøte og kven som skal intervjuast til kva tid.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokument innan 29.9.2014:

- Organisasjonskart eller andre dokument som syner ansvar, mynde og oppgåver innan dei aktuelle områda
- Delegasjonssystem/-reglement
- Samarbeidsavtale mellom kommunen og NAV fylke
- Oversyn over personell på alle nivå med ansvar for mottak og handsaming av søknader om økonomisk stønad (namn, stilling, stillingsbrøk, utdanning)
- Opplæringsplan
- Eventuell risikovurderinger eller evalueringar siste to år vedkomande handsaming av søknader om økonomisk stønad

- Prosedyrar/ rutinar/ retningsliner som gjelder sakshandsaming av søknader om økonomisk stønad, under dette rutinar for kartlegging
- Dokument som syner oversikt over talet på klager og eventuelle avgjerder frå Fylkesmannen for 2012 , 2013 og 2014
- Oversikt over avvik og oppfølging av avvik siste to år – internt/eksternt
- Andre dokument som kommunen meiner kan vere relevante for tilsynet

Vi vil også be om å få framlagt 20 saker i samband med tilsynet, der person med forsytaransvar har søkt om stønad til livsopphald og/eller stønad i særlige tilfeller for gjennomgang 29. oktober. Vi ønsker både å få lagt fram saker der stønad er ytt og eventuelle avslag, og både saker som omfattar personar med dagleg omsorg for- og personar med samvær med barn. Vi ber om at det i dei sakene som blir lagt fram gjeld både saker om ordinært livsopphold og saker av akutt karakter (naudhjelp). Vi ber om at alle dokumenter med innverknad for avgjerda blir lagt fram. Vi ønsker å gjennomgå ein del av sakene på førehand. Vi ber derfor om å få tilsendt kopi av 5 vedtak om livsopphald og 5 vedtak om stønad i særlige tilfeller, alle med tilhøyrande søknader og eventuelt anna tilhøyrande dokumentasjon (innstillingar, vurderingar, møtereferat og liknande) innan 29. september. Vi ber om at dei 10 vedtaka vi får sendt over, er vedtak som gjeld 10 av sakene som vi får framlagt mappene for på tilsynsdagen.

Vi treng eit møterom for gjennomføring av tilsynet, samt at videokanon er tilgjengeleg på opnings- og sluttmøtet.

Fylkesmannen ber om at kommunen peiker ut ein **kontaktperson** under førebuinga av tilsynet og at namn på kontaktpersonen vert meldt oss på e-post innan 25.8.2014.

Tilsynet vil bli gjennomført av Marta Havre, Birte Lill Christiansen og Vibeke Herskedal, med sistnemnde som tilsynsleiar.

Kontaktopplysningar Vibeke Herskedal: telefonnummer 55 57 22 44 og e-post:  
[fmhovhe@fylkesmannen.no](mailto:fmhovhe@fylkesmannen.no)

Med helsing

Signe Marit Stephanides  
Fungerande fylkeslege

Vibeke Herskedal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Nav Radøy Postboks 43 5931 Manger